



Olje- og energidep.  
postboks 8148 Dep.  
0033 OSLO

Saksnr/Løpenr.  
04/00481/000662

Arkivkode  
S00

Dykkar ref.:

Avd/Sek/Saksh  
SEN/ASK/TR

Tysse, 11.03.2005

## **NOU 2004: 26 HJEMFALL**

Me viser til tilsendt høyringsutkast. Samnanger kommune gir slik uttale i denne saka:

- Samnanger kommune meiner at saka om heimfallsordninga ikkje er tilfredsstillande utgreidd, og at ho ikkje kan handsamast av Stortinget før dette er gjort. I ei sak av så stor nasjonal betydning vil det ikkje vera forsvarleg å endra veletablerte ordningar for styring og kontroll av sentrale samfunnsmessige interesser før det er gjort grundige konsekvensutgreiningar. Det er m.a. trong for ei endeleg avklaring av EØS-avtalen sitt handlingsrom, og kva heimfallsmodellar som etter ein slik avklaring er moglege og kva konsekvensar dei vil ha.
  
- Vassdraga representerar fornybare og evigvarande ressursar av stor nasjonal verdi både økonomisk og miljømessig. Vasskrafta utgjer 99 % av kraftproduksjonen i Noreg og er av grunnleggande betydning for verdiskaping og velferden. Dagens reglar for offentlege og private konsejonærar har ført til eit dominerande (90 %) offentleg eigarskap. For å sikra at vassdragsressursane vert utnytta på best mogleg måte ut frå samfunnet sine interesser no og i framtida meiner Samnanger kommune at det må leggjast til rette for eit fortsett sterkt offentleg eigarskap i vasskraftsektoren. Heimfallsordninga synast å vera det einaste realistiske alternativet for å ivareta dette. Samnanger kommune meiner at det ikkje skal gjevast evigvarande konsesjonar til private eigarar.
  
- Offentleg eigarskap til ressursar som er viktige for samfunn bør vera eit vesentleg moment i denne saka. Omsynet til samfunnsmessig beredskap tilseier sterk offentleg styring.
  
- Samnanger kommune meiner at av dei modellane som er handsama i NOU 2004:26 er transaksjonsmodellen kombinert med utleige den som best tek i vare føremålet med ei heimfallsordning. Modellen inneber at alle kjøparane vert likestilt ved at dei vert underlagt tidsavgrensa konsesjon på 60 år, medan dei offentlege eigarane beheld sine evigvarande konsesjonar så lenge dei ikkje sel.

- Samnanger kommune meiner det er prinsipielt og juridisk feil at konsesjonsfrie private anlegg frå før 1909 ikkje er omfatta av utgreiinga. Desse anlegga må likestillast konsesjonsrettsleg med dei andre anlegga i høve til nye reglar.

Med helsing

  
Tone Ramsli  
administrasjonssjef

Kopi:       LVK